

Fitjar eldreråd sitt innspel til budsjett

Fitjar eldreråd ber om det blir tilsatt ergoterapeut snarlig. Ber også om at det ikkje blir nedskjæringar i heimetenesten, slik at dei eldre kan få bli buande lengre heime.

Det er litt vanskelig å ana konsekvensane av dette budsjettforslaget, før formannskapet sitt budsjett vert lagt fram. Dette er rådmannen sitt framlegg og erfaringsmessig så veit me at det vert endra.

Eldrerådet ser med uro på det stramme budsjettet som no vert lagt fram. Det skal skjerast ned både innan skule, helse og administrasjon, samtidig at eigedomskatten blir auka. Færre tenester og meir å betale for innbyggjarane i kommunen.

Så høyrer ein at statsbudsjettet legg fram føringar på auka lærartetthet og færre elevar pr. klasse. Dette er i sjølv positivt, men dersom det ikkje fyl pengar med til kommunane, (her: Fitjar), kan dette blir vanskeleg å gjennomføra i eit allereie stramt budsjett.

Eldrerådet er uroa med tanke på dei eldre, for i heimesjukepleien vert brukarane fleire, og mange av dei treng meir hjelp. Likevel skal det skjerast ned på stillingane og hjelp til dei eldre. Samtidig skal sjukeheimen byggast ned over ein periode der det vert bygd nytt. Dette går ut over dei eldre.